



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Sogndal 26.08.2024

Protokoll i Stedje sokneråd

onsdag 21.08.24 kl 17 på Kyrkjelydshytta.

Desse møtte

Jorunn Furuheim, Marta Fimreite, Sigfred Stenehjelm, Kirsti Møller Bruland, Kirsti Lunde, Rolv Arvid Leirdal og Britt Hovland Selseng,

Fråfall: Astrid Bondevik, Guri Høstaker Nordheim, Jan Helge Løvik og Grete Katrin Sønnesyn,

Opningsord: Marta

Styret for kyrkjelydshytta var med i starten på møtet

- **Ove hadde ei grei orientering om historia til kyrkjelydshytta.**
- **Basar onsdag 25.09 24 kl 19 på Stedjetunet, inntekt til Kyrkjelydshytta**
Soknerådsmedl er viljuge til både bake, selgja lodd og hjelpe til. Randi melder behov for hjelp til Marta
- **Avtale om felles vass- og kloakkreinseanlegg**
Styret for kyrkjelydshytta hadde ikkje merknad til våre kommentarar
- **Vegen vidare**
Ønskeleg med eit felles møte: TEMA: kvar står vi? kva vil vi?

Soknerådsmøte:

Godkjenning av innkalling og sakliste: samrøystes godkjend

Godkjenning av protokoll frå møte 17.06.24 : samrøystes godkjend

Orienteringssaker

1. gudstenester sidan sist møte: på Sogn Folkemuseum, Fimreite, Olsokgudstenester Kaupanger og Kvamsøy, Vigslingsgudsteneste
2. Kyrkjelydstur
3. Vegard Bondevik Lie har Kaupanger - , Ølmheim – og Leikanger sokn
Astrid Bondevik har Stedje – og Fjærland sokn
Prostiprest Katrine Valle
Sommarvikar: to danske jenter som tek presteutdanning i Danmark

Aktivitetar i kyrkjelyden:

Gudstenester
Stille kveld
Salmekveld
Kvardagstru
Babysong
Småtrolltrall
Tilbod for 4år og oppover, ikkje kome i gang
Konfirmantarbeid

Neste styremøte 25.09.24

Vedtaksaker:**Sak 23/24 Avtale om felles vass- og kloakkreinseanlegg**

Vedtak: Vi sender merknader til advokat Harald Hjermann og ber om få nytt framlegg til avtale.

1. Avtaleutkastet inneheld ingen ting om korleis ein skal forholde seg dersom ein fjerde part vil kjøpa seg inn i anlegget. T.d. om korleis «inngangsbilletten» skal fastsetjast og korleis ein avgjerd om ein fjerde part skal takast inn (må t.d. alle tre noverande partar vera samde eller kan to partar binda den tredje?)
2. Avtaleutkastet manglar bestemmelsar om korleis ein skal løysa saka dersom ein eller fleire av partane ynskjer å kopla til nye einingar på sin eigedom.
3. Avtaleutkastet manglar bestemmelsar om korleis kostnader med oppgradering av anlegget skal dekkast dersom dette vert kravd som følgje av at nye einingar vert kopla på, jfr. pkt. 2.
4. I avtaleutkastet vert det vist til «vedlagt kartskisse». Kartskissa er ufullstendig då den vantar tilkoplinga til ein av dei tre partane, Kåre Johan Rutlin. Ny og fullstendig kartskisse må lagast og leggjast ved.

Sidan avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomane bør den vera så fullstendig og klar som råd er.

Sak 32/24 Soknerådsmøte

Det vert **ikkje** soknerådsmøte **25.09.24** . Då er det basar for kyrkjelydshytta og me oppmodar medl til å delta på basaren. Neste soknerådsmøte vert 30.10, om ikkje noko viktig må avgjerast før.

Sak 33/24 Årshjul

Det kom fram ønske om å lage eit årshjul.

I etterkant fått meld om at Kirsti L, Kirsti MB og Jorunn tek på seg dette oppdraget.

Møtet slutt ca kl 19.30

Referent: Marta Fimreite